

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato 15.06.2022

Emne:	Referat fra regionalt planforum 10.05.2022 - Kommuneplanen sin samfunnsdel - Bjørnafjorden kommune	
Til stades:	Christian F. Fotland	Kommunedirektør
	Torgeir Sæter	Kommunalsjef for samfunnsutvikling
	Monica Totland Melvold	Kommunalsjef for helse og velferd
	Line Rye	Kommunalsjef for oppvekst
	Ella Marie Brekke Vangsnæs	Seniørrådgjevar overordna plan, samf.sikkerheit og beredskap
	Birte Markeseth Aasen	Samfunnsplanleggar
	Trine Lindborg	Ordførar
	Mikal Leigland	Varaordførar
	Terje Søviknes	Arbeidsgruppemedlem
	Nils-Anders Nøttseter	<u>gruppeleiarar/utvalsleiarar</u>
	Listhaug, Janne Weltzien	Statsforvaltaren
	Skouen, Sarah Kvåle	Statsforvaltaren
	Brynjelsen, Eirik	Statsforvaltaren
	Helle Holte Bruland	Statsforvaltaren
	Torgeir Flo	Statsforvaltaren
	Karoline Ulvund	Direktoratet for mineralforvaltning
	Astrid Elina Ådnanes	Statens vegvesen
	Frode Moen Aarland	Statens vegvesen
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF Koordinator for planforum
	Liz Eva Tøllefsen	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt
	Elisabeth Hjelmervik Lofthus	VLFK- SUD- PKF Folkehelse
	Leo Ari Vetaas	VLFK - INV
	Gunhild Raddum	VLFK-MOK transportplan
	Ingrid Elisabeth Røyseth Melvær	VLFK - KII
	Kari Louise Elster Moen	VLFK-INV
	Elizabeth Jan Warren	VLFK -KII
	Rune Åland	VLFK KII Idrett og friluftsliv
	Truls Einar S. Johnsen	Avdelingsleiar nord og kommunikasjonsansvarleg Klimapartnere Vestland Vestland fylkeskommune
	Vigdis Bjørgo	Skyss
	Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv
	Arve Helle	Politisk vald observatør
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 18
Møtetid:	10.05.22 kl 13-15	Møtestad: digitalt på Teams

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule
Referantar Liz Eva Tøllefsen og Ingunn B. Skjerdal

Kort innleiing
Presentasjonsrunde

Presentasjon av plan og planarbeidet


Ordførar Bjørnafjorden kommune innleiar kort om innbyggjarane og arealbruk. P.t. ¾ bur i tettbygde strøk, og 85% bur på Os-sida. Bjørnafjorden deler landarealet, som kommunen ønsker å nytte til ein fordel. Store avstandar mellom Osøyro, kommunedelsenteret og dei andre bygdene – god kommunikasjon er viktig.

Fellesnemnda vedtok 5 viktige visjonar og verdiar som oppsummerast med målet: Det gode liv for alle.

Medverknad viktig i samfunnssdelen – tross koronarestriksjonar har kommunen fått mykje attendemelding frå innbyggjarane i arbeidet med samfunnssdelen. Legge til rette for god kommunikasjon som binder kommunen og innbyggjarane saman med innbyggjarane og næringsliv. Nyte eksisterande verdiar i kommunen, og utvikle lokale ressursar og eigenart. Bruke planen for å bygge felles identitet i den nye kommunen. Har mottatt eit innbyggjar-initiativ om utgreiing av deling av kommunen. Politikarane har fokus på å bygge den nye kommunen

Spesialrådgjevar Ella Marie Brekke Vangsnes orienterte om grepa i planen.

Det viktigaste – ny kommune Bjørnafjorden, samfunnsoppdraget : det gode liv for alle



Skiskyttarane i Bjørnafjorden: Me tel ikkje bom, me tel treff.

Mobilitet - Knyta og bygge oss saman på ein berekraftig måte – transport til sjøs ein stor utslippskilde som det er naudsynt å ta tak i.

Framtidsretta kommune og treffsikre tenester – vi har ein relativt ung befolkning no, men prognosane seier at alderssamsetninga vil endrast i framtida.

Samarbeide på tvers – av geografiske grense, politisk og på andre område. Med forskarmiljø, næringsliv og andre offentlege instansar.

Spørsmål til planforum:

- Framtidsretta transport og infrastruktur – kommunen er avhengige av eksterne for å få til, og har pådrivarolle.
- Senterstruktur – kva er mogleg innanfor berekraftige rammer?
- Folketal – skal det settast konkrete mål for dette i dokumentet?

Mobilitet, areal og transport

Statens vegvesen

Samordning av areal- og transportbehov er hovudmålsetting. Bjørnafjorden har forplikta seg til å følgje opp nullvekstmålet gjennom Byvekstavtalen. Opplever at det skal ivaretakast i samfunnsdelen – men korleis jobbe vidare med strategibiten i planen?

Arealdelen til Bjørnafjorden Vest – korleis vert koplinga til samfunnsdelen som skal bygge bru inn i en kommande arealdel?

Kommunen – samfunnsdelen er grunndokumentet for ny arealdel for hele kommunen, men det er viktigare for kommunen å få godkjent kommunedelplanen for Bjørnafjorden Vest no.

Vestland fylkeskommune(VLFK) -Mobilitet og kollektiv

Uklårt korleis kommunen med planen vil bidra til nullvekst-målet. Samordna areal- og transportplanlegging er viktig for å nå målsettinga, ein kan ikkje berre ha fokus på mobilitet. Fjordmetro- kombi båt/buss krev byttepunkt, som må planleggast i dialog med Skyss.

VLFK-Skyss

Når Skyss planlegg for kollektivsystemet, så er vi ute etter kor er det marknad i dag og korleis utviklar det seg? Korleis kan vi nytte ressursane best mogleg? Ny utvikling bør skje langs trase eller i alliereie godt dekte strøk, for å dra nytte av kapasiteten i det eksisterande tilbodet og med mindre ressursar kunne tilpasse/styrke tilbodet etter behov. Skyss er einig med kommunen i at det krevst ekstra innsats for å dekke område for brukargrupper der det ordinære rutetilbodet ikkje dekker godt nok, og ser det som viktig å ha tett samarbeid med kommunen for å pilotere eller tilpasse moglege mobilitetsløysingar.

Kommunen – Det overordna målet for innbyggjarane er å ta heile kommune i bruk – då vil det bli løysingar for korleis vi kan nå måla. Fjordmetro – som må vere relevant for fleire kommunar? Det skal vere ein **utviklingsplan** for kommunen.

VLFK- infrastruktur og veg (INV)

Sikre god forvaltning av fylkesveg, er opptatt av å nå 0-visjonen i tillegg til 0-vekstmålet. Framkomst for alle trafikkant grupper, særskilt for næringslivet. Ros for tiltak på s.63 – samordna areal- og transport- her kan målet om 0-visjon og 0-vekst nås. Gjer merksam på at det kan vere ein målkonflikt i pkt 2, kor det vert nemnd at LNF spreidd skal kunne byggast ut. Kan gje utfordringar med mange tilkomstvegar og lign. som vil kunne bygge ned framkommelighet for næringsliv. Bra med sykkelsatsing.

VLFK- Strategisk utvikling og digitalisering (SUD)

Det er føremålstenleg å trekke fram målkonfliktar, heller enn å kamuflere dei. Voss herad var i planforum i dag med klimaplan. Dei har trekt fram målkonfliktar som må løysast gjennom plan. Alver kommune var i planforum for kort tid sida med tema som senterstruktur vs. utbygging i heile kommunen. Alver har vedtatt samfunnsdelen, og er på planprogram for arealdelen. Dei har samanliknbare problemstillingar som Bjørnafjorden og kan være eit godt døme.

Statsforvaltaren – Samordna areal og transport er ein statleg planretningslinje som vi styrer etter. Samfunnsdelen skal sette retning – kor skal veksten vere? Kommunen må ta inn over seg at det skjer ei sentralisering, samstundes som at det kan vere liv i grendene. Kommunen må sjølv ta ansvar for kollektivdekning om dei ikkje ønskjer å bygge innanfor eksisterande strukturer for busetnad.

av 6

Kommunen: Kva er sentralitet? For innbyggjarane som bur i grendene, så opplevast det som at ein bur sentralt fordi det finst skule og butikk i nærleiken, og ein kan leve det gode liv.

Statsforvaltaren

Presiserer at 0-vekstmålet ikkje tilseier at det ikkje kan byggast i bygder, men at hovuddelen av veksten skal skje i sentrale strøk for å bygge opp under eksisterande kollektivtilbod.

Arealstrategiane er gode, men kommunen må tydeleggjere målkonfliktar – for å kunne gjere prioriteringar for ny utbygging. Samfunnssdelen skal vere eit verktøy for å løfte prioriteringane inn i arealdelen.

Kommunen – Vi har skapt framtidsbilde for 2035, og mål og strategiar for å komme dit. Det er to tidlegare kommunar som no skal syast i hop som gjev fleire målkonfliktar, enn om vi var to separate kommunar.

Senterstruktur

VLFK- SUD

Tematikken er veldig overordna behandla i framleggget, kvifor ikkje definere senterstruktur i planen?

Kommunen: Arealstrategien er ikkje ferdig. Dei skildrar status no, og vi opplever at ein 4-deling av senterstrukturen er for strengt. Senter er ukjent omgrep (for innbyggjarane), vil i staden vurdere å nytte *bygdesenter* i staden for *nærcenter*. Kan oppfattast som ein vert nedprioritert om ein ikkje vert definert som senterområde. Venter på føringar frå den regionale planen for senterstruktur, som er under arbeid. Spørsmål om den nye planen verte meir strategisk retta?

Statsforvaltar

Attraktive bygd/tettstad – kva legger kommunen i det omgrepet? Det kan gjerne vere ulikt når ein snakkar om bygd eller ein tettstad. Attraktiv betyr ikkje det same som vekst – kan og bygge vidare på det gode fellesskapet som finst.

VLFK-SUD

Gjeldande regional plan for senterstruktur peiker på definisjon av senterstruktur som eit verktøy som kan hjelpe kommunane i å prioritere kor ein skal leggje tenester, utvikling og ressursar. Arbeidet med revidering av den regionale planen har starta opp, og definering av senterstruktur vil truleg vidareførast som verkemiddel, derav namnet Regional plan for berekraftig senterstruktur og levande lokalsamfunn. (Følg prosessen på våre [nettsider her...](#))

Framtidsretta lokalsamfunnsutvikling handlar om å finne ein god balanse mellom fortetting og transformasjon og stadtilpassing. Dei siste åra har det verte bygd tett langs kollektivaksar, utan at det sosiale aspektet har vore teken omsyn til. Framover vil det vere viktig å ha fokus på fortetting med kvalitet – korleis ivaretaka kulturminne, folkehelse, klima og ikkje minst – styrke sosial berekraft i nye byggeprosjekt. For å sikre kvalitet i bygde omgivnadar, kan det vere aktuelt å nytte stadianalyse, som både i Bergen og mange kommunar i Rogaland vert kravd ved reguleringsplan i sentrale områder.

I Rogaland så opererer kommunane med et forholdstal for å definere kva slags type bustadar der, sjå [meir info her...](#)

Bra med ein ambisjon om arealnøytralitet, då vert det viktig å nytte arealrekneskap for å gje omgrepet innhald. Sabima har meir info om korleis nytte arealrekneskap [på si nettside her...](#)

Kommunen: Vi har god oversikt over arealbruk. Telemarkforsking har hjelpt oss med kunnskapsgrunnlaget med befolkningsutvikling.

Folk og fellesskap

VLFK – kultur og idrett

Ros for formidling av resultata frå innspelsmøta med befolkninga, særskilt boblediagramma var ein fin måte å kommunisere bodskapet. Verker til å vere eit godt samarbeid med frivilligsektor. Sats på

av 6

Frivilligcentral, Frisklivssentral osv. på bygdene for å lage attraktive lokalsamfunn – kan være viktigare enn å bygge mange nye bustadar. For å styrke kulturarven - samarbeide meir med næringslivet? Som til dømes Oselvarverkstaden i framlegget, kan han flyttast over i avsnittet om næring? Forbileteleg korleis innvandrarar vert inkludert i medverknadsprosessane. Korleis ein kan utvikle betre tenester for denne gruppa? Ønsker at gjenbruk av eksisterande bygnadsstruktur vert nemnd som ein arealstrategi, viktig både for å i vareta kulturminne og styrke sirkulærøkonomien.

Spelemidlar kan dekke kostnadene til dømes til opparbeiding av turveg og lyssetting – der finnast mykje moglegheiter for tiltak som kan styrke folkehelsa.

VLFK- SUD

Medverknadsprosess er eit godt stykke arbeid som er fint kommunisert i planen, skulle gjerne sett ein eige rapport på medverknadsprosessen. Universell utforming bra for alle – nødvendig for nokre – kan kommunen ha eit breiare perspektiv enn for dei som det er heilt naudsynt for?

Statsforvaltar:

Folkehelse er lyfta inn i fleire av innsatsområda og er breitt handsama. Planen dekker mange av utfordringane som kjem fram i folkehelseoversikta, og særskilt førebrygging mot utanforskap er veldig bra dekka. Aldersvennleg samfunn, som bustad og tenester er bra handsama. Sosial bustadpolitikk er eit verkemiddel for å motverke sosial ulikskap, som samfunnssdelen tydlegare kan understreke. Det er viktig å sette den sosiale bustadpolitikken i samanheng med den breie bustadpolitikken - og at bustader for alle befolningsgrupper, inkludert vanskelegstilte på bustadmarknaden – må inkluderast i den ordinære bustadpolitikken. Føringar i samfunnssdelen og den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken kan vere med å legge føringar for den bustadsosiale handlingsplanen som kommunen skal utarbeide.

Kommunen – Det er folkehelseundersøking som dannar kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet .

Statsforvaltar

Det må vere realisme i folketalsutviklinga, vil Bjørnafjorden legge til grunn 3% vekst slik som kommunedelplanen syner? Må sjåast i samanheng med veksten i omeignskommunane rundt Bergen.

Kommunen: har ikkje konkludert, veit enno ikkje kva konsekvensen av ny E39 vil vere for folketalsutviklinga, og kor attraktiv vi klarar å gjere kommunen? Trur ikkje at dei historiske tala for demografi vil vere riktig, då næreliek til Bergen vil ha stor betydning for folketalsutviklinga. Ambisjonane er framleis høge.

Landbruk

Skilje mellom fortetting i senterområder og utanfor. Når fortetting i realiteten er utviding, så et ein av landbruksareal og grøntareal, i staden for å fortette.

Med ny vegforbindung har kommunen moglegheit for å bygge ein ny forstad til Bergen – men kor fort ønskjer kommunen å vokse? Og samstundes i vare ta eksisterande innbyggjarar. Kjekt å sjå at landbruk er nemnd – litt uklårt kva det inneber, og kva omgrepene arealnøytralitet skal romme. Kommunen har helt seg innanfor det nasjonale jordvernmalet. Arealstrategiane er korte og generelle – kva med ein analytisk arealbruk? Innan 2035 bør kommunen ha eit operativt arealregnskap. Vidare rår vi til å ha eit analytisk forhold til kor ein bygger, for å implementere samfunnssdelen i arealdelen. Ha ein systematisk tilnærming i arealstrategiane.

VLFK – Friluftsliv

Samferdsel vært mykje omtalt, og vi vil minne om viktigheita av fotgjengaranes ferdsselsårar. Friluftslivets ferdsselsårer – eit nasjonalt prosjekt om korleis leggje til rette for ferdsselsårer, korleis kan det verte implementert i plan? Areal til natur- og friluftsformål der folk bur, så kan det sjåast i samanheng med sosiale møteplassar? Og det bør gjerast saman med potensielle brukarar, for å sikre at ein treff med utforming og funksjonar.

av 6

Kommunen –ønskjer innspel på korleis gje framtidsretta tenester til innbyggjarane. Korleis skal kommunen rigge seg dei neste åra? Kva skjer innan demensomsorga og andre svake brukargrupper?

Statsforvaltar:

Jobbar kommunen med kompetanse og rekrutteringsplanlegging på helse- og omsorgsfeltet? Dette er eit viktig felt som kommunen bør løfte inn i samfunnssdelen. I punktet om førebyggande tenester saknar vi tenester som frisklivssentral og helsestasjon for ungdom, men ønskjer å kome med nærmare innspel til planen når den kjem på høyring.

VLFK-SUD

Ber kommunen vise samanheng i planverket – kan de synleggjere korleis kommunen jobbar med dei ulike planane på ein pedagogisk måte, slik at og innbyggjarane kan få innsyn? Fått mykje skryt for sosiale delen av planen, og meir kritiske merknadar til korleis ein løyser utfordring med mobilitet og arealbruk.

Ordførar – Korleis byggjer vi det gode samfunnet? Vil kanskje vere ueinigkeit om det framover og. Men samhandling er viktig

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum VLFK Bjørnafjorden kommune
- 2 KPS-utkast Bjørnafjorden kommune-arbeidsdokument pr. 29.4.2022